

Audun Gjerde
Straumsvegen 15
5939 SLETTA

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7163 - 22/84753

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
09.11.2022

Løyve til å byggje landbruksveg på gbnr. 435/3 i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Audun Gjerde løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 435, bnr. 3 Myking.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Under arbeidet må ein så langt råd er, søkje å unngå skade/inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk.
- Om det vert naudsint å bruke tilkøyrt masse, må tiltakshavar dokumentere at massane ikkje er ureina.
- Vegen må byggjast i tråd med tekniske krav som vedkjem vegklasse 7 i «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse»
- Vedtaket er gyldig til 01.12.2025 og tiltaket må vere ferdig innan 01.12.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Audun Gjerde søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg. Eigar av bruket – Ivar Mikal Gjerde – har gjeve Audun Gjerde fullmakt til å søkje. Vegen vil verte om lag 490 m og dekningsområde er på 50 daa. Veginteressene fordeler seg slik: 90% jordbruk og 10% skogbruk.

Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 300.000. Delar av vegen er alt bygd. I samband med tidlegare løyve for bygging av veg, vart det etablert eit massetak på eigedomen som skal nyttast til denne vegen òg, sjå fig. 3. Vegen vart handsama i sak 15/808 av Radøy kommune.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

VURDERING:

Føremålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilsaksløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Audun Gjerde leiger jordbruksarealet av bror sin. Vegen gjev tilkomst til beite og betre opparbeiding og drift av dette. Gjerde driv med mjølkeproduksjon og ammekuproduksjon. Godt og rikeleg med beite er viktig for denne produksjonen. Vegen er slik sett i tråd med føremålet.



Fig. 1. Delar av vegen er alt bygd. Den vil halde fram i same retning for så å svinge mot venstre og kome inn på alt godkjent veg ved fig. 2.



Fig. 2. Vegen synt i fig. 1 kjem att her. Biletet er teke frå der alt god-kjent veg for bygging går. Den nye vegen vil gje god tilkomst til beitet som skal opparbeidast i form av ei «rundkøyring».



Fig. 3. Vegen startar ved massetaket som syner til venstre og går mot fotografen til fig. 1. Vegen frå massetaket og mot gravemaskina har tidlegare fått løyve for bygging.

Vegen er søkt bygd i vegklasse 7 – traktorveg. Krav i høve vegbreidd, stikkrenner etc finn ein i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse». Vegen må byggjast i samsvar med dei krav for vegklassen som er oppstilt der.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men òg i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet sokjer å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har etter ein kort sjekk, vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden.

Alver kommune, kultur har ikkje kome med merknader i saka.

Heile veganleggset ligg på bnr. 3 (inkludert tilkomstveg) og det er ikkje naudsynt med å avklare privatrettslege tilhøve.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Normaler for landbruksveier - med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7163

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Audun Gjerde

Straumsvegen 15

5939

SLETTA